

KS FOLKEVALDPROGRAM 2019–2023

Rettar og plikter dei folkevalde har



KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON

The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

Innhold

- 5 Forord
- 6 Kven er folkevalde, og kva er folkevalde organ?
- 7 Valbarheit og plikt til å ta imot val
- 8 Møte- og røysteplikt
- 10 Reglement for godtgjersle og andre økonomiske vilkår
- 13 Inhabilitet og fritak
- 16 Krav til lokale forskrifter

Framsidedfoto:
Scanstock Photo

Ansvarleg redaktør:
Dag-Henrik Sandbakken

Grafisk formgjeving:
Ståle Hevrøy, Bly.

Utgivingsår: 1. opplag, 2021

ISBN 978-82-93100-83-6

Dette heftet er gjeve ut av KS. KS er kommunesektorens interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon i Noreg. Alle dei 356 kommunane og 11 fylkeskommunane er medlemmar (pr. 2020).



Forord

Gratulerer med vervet som folkevald!

Saman med meir enn 11 000 andre er du vald til å representere innbyggjarane i din kommune eller fylkeskommune. Du skal vere med å bestemme utviklinga av din kommune og fylkeskommune i denne valperioden og peike ut retninga som vil påverke korleis lokalsamfunnet blir i mange tiår framover. Å vere folkevald er ei viktig, spanande og av og til krevjande oppgåve. Det er mange omsyn som må takast, samtidig som du skal utøve eit folkevald leiarskap.

I dette heftet får du ei oversikt over kva rettar og plikter du har som folkevald. Desse pliktene og rettane står oppførte i kommunelova og er attgjevne i dette heftet. Eitt døme kan vere at du har plikt til å møte fram til møte i folkevalde organ, og du har rett til fri frå arbeid i samband med desse møta.

I 2019 fekk vi ei ny kommunelov som påverkar kvardagen som folkevald. Dette heftet er oppdatert etter ny lov og har i tillegg avgjerder etter forvaltningslova. Samstundes skjer det endringar i lovverket som har følgjer for kommunal sektor. Dette heftet inngår som ein del av KS Folkevald-program. Du finn fleire nyttige ressursar [her](#).

Vi håper dei komande åra som folkevald blir både gjevande, engasjerande og meningsfull.

Lykke til!

Bjørn Arild Gram

Styreleiar i KS

Lasse Hansen

Administrerande direktør i KS

Kven er folkevalde, og kva er folkevalde organ?

Dei fleste folkevalde er direkte valde av folket. Nokre folkevalde er derimot indirekte valde av folket, det vil seie at dei er valde av andre folkevalde. Dei rettane og pliktene som blir omtala i dette heftet, gjeld alle folkevalde slik desse er definert i kommunelova dersom anna ikkje er spesifisert. Som folkevalde reknast medlemmar av desse folkevalde organa:

- Kommunestyre og fylkesting
- Formannskap og fylkesutval
- Kommuneråd og fylkesråd
- Utval, inkludert kommunedelsutval og kontrollutval
- Arbeidsutval
- Felles folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid
- Kommunestyre- og fylkestingskomitear
- Styret for delar av den kommunale eller fylkeskommunale verksemda i parlamentarisk styrte kommunar eller fylkeskommunar
- Representantskap og andre styringsorgan for eit interkommunalt politisk råd
- Representantskap for eit kommunalt oppgåvefelleskap
- Eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ heimla etter særlov

ANDRE KOMMUNALE ORGAN

Lova skil mellom folkevalde organ og andre kommunale organ.

Kommunelova gjev ei opprømsing av kva kommunale organ det er lov å opprette, og dei er:

- Partssamansette utval
- Styret for ein institusjon
- Underordna styringsorgan for eit kommunalt oppgåvefelleskap
- Styret for eit kommunalt eller fylkeskommunalt føretak
- Eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetjing og ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom

Sjølv om lova skil mellom folkevalde organ og andre kommunale organ, gjeld likevel dei same avgjerdene for begge typene.

Valbarheit og plikt til å ta imot val

Foto: Tore Fjeld



Kven som er valbare til kommunestyre og fylkesting er ikkje regulert i kommunelova, men i vallova § 3-3. Dei som er valbare til kommunestyre og fylkesting er alle som har røysterett ved valet og står innført i folkeregisteret som busett i kommunen eller ein av kommunane i fylket på valdagen, og som ikkje er utelukka eller friteke. Du kan til dømes ikkje stille til val til kommunestyret i nabokommunen til den kommunen du har folkeregistrert bustad i, men du kan stille til val fylkestinget i det fylket din heimkommune høyrer til.

Eit siste vilkår for å kunne stille til val er at du har samtykt skriftleg til å stille til val, men det er nokre unntak. Dei som er utelukka frå val til kommunestyret eller fylkestinget, er:

- Statsforvaltaren og assisterande statsforvaltar
- Han/ho som i vedkomande kommune eller fylkeskommune er:
 - Kommunedirektør/rådmann eller hans/hennar avløysar
 - Kommunalsjefar, etatssjefar og leiarar på tilsvarande nivå
 - Sekretær for kommunestyret eller fylkestinget
 - Ansvarleg for rekneskapsfunksjonen
 - Ho/han som utfører revisjon av kommunen eller fylkeskommunen

Kommunelova har òg nokre utfyllande avgjerder om dei som er utelukka frå val til andre organ, sjå kommunelova § 7-3.

Møte- og røysteplikt

MØTEPLIKT OG GYLDIG FORFALL (§ 8-1)

Medlemmar av folkevalde organ, det vil seie folkevalde, har plikt til å delta på møta i organet med mindre dei har gyldig fråvære. Det er det folkevalde organet sjølv som avgjer kva for fråværsgrunnar som blir sett på som gyldige.



KS TILRÅR

KS tilrår at kommunestyret og fylkestinget utarbeidar retningsliner for gyldig fråvære. Terskelen for gyldig fråvære bør vere høg, og KS tilrår at følgjande grunnar skal sjåast på som gyldige: alvorleg sjukdom, arbeid som ikkje kan vente (at det er plikter eller viktig arbeid som ikkje kan setjast til side på det gjeldande tidspunktet) eller at ein er fråverande på grunn av nødvendig reise. Møte i andre folkevalde organ er ikkje gyldig forfallsgrunn med mindre møtet finn stad i folkevald organ på høgare nivå, det vil seie Stortinget. Kommunar og fylkeskommunar er likestilte forvaltingsnivå, og det må derfor gjerast ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle kva møte det er viktigast å delta på.

RØYSTEPLIKT (§ 8-1)

Folkevalde som er til stades på eit møte i eit folkevald organ pliktar å røyste. Det er berre ved val og vedtak om tilsetjingar at det er mogleg å røyste blankt.

FRI FRÅ ARBEID (§ 8-2)

Folkevalde har krav på fri frå sitt arbeid i samband med møte i folkevalde organ. Dersom den folkevalde har takka ja til eit heiltidsverv, har ho/han òg rett til permisjon frå arbeidet sitt i fire år, eller for resten av valperioden.

Møteplikta og retten til fri frå arbeidet sitt i samband med møte i kommunale eller fylkeskommunale folkevalde organ heng tett saman. Det er likevel ikkje slik at møteplikta er utan vilkår. Som tidlegare omtalt kan ein ha gyldig fråvære. Svært ofte eller omfattande fråvære frå stillinga si kan medføre store vanskar for arbeidsgjevaren, og i så måte vil uvanleg viktig arbeid gjelde som gyldig forfallsgrunn.

Med permisjon forstår vi avtale med arbeidsgjevar om heilt eller delvis tenestefri frå ordinær yrkesstilling med eller utan løn i heile eller delar av ein valperiode.



KS TILRÅR

Når ein representant kjem tilbake til jobben etter permisjon, kan det oppstå vanskelege situasjonar. Stillinga representanten hadde før, kan ha endra innhald og organisasjonsfunksjon, eller det kan vere behov for ein annan kunnskap eller andre eigenskapar. KS tilrår derfor at arbeidsgjevar og arbeidstakar kjem fram til ein avtale som begge partane kan leve med. Det bør finne stad før permisjon blir gjeven.

Lovens bokstav må tolkast slik at retten til permisjon berre gjeld for fire år. Bakgrunnen for dette er at ein kan nekte å stille til val når ein har hatt vervet i ein valperiode. Går ein inn i ein ny periode gjeld ikkje lova, og det er opp til arbeidsgjevar å gje permisjon. Får ein ikkje det, må den folkevalde eventuelt seie opp stillinga si eller seie nei til attval. Har ein tidlegare vore folkevald, men har hatt ein periode utan folkevalde verv, vil plikta til å ta på seg verv inntreffe igjen. I så måte vil òg retten til permisjon gjerast gjeldande.

Foto: Scampix



Reglement for godtgjersle og andre økonomiske vilkår

Alle kommunestyre og fylkesting skal vedta eit reglement for godtgjersler, heretter kalla godtgjerslereglement. Det er eit dokument som legg grunnlaget for økonomisk kompensasjon til dei folkevalde, og rettar som er lik dei ordinære arbeidstakarar har, blir dekte gjennom velferdslovgjevinga og folketrygda. Godtgjerslereglementet er derfor eit særskilt viktig dokument.

DEKNING AV ØKONOMISKE UTGIFTER OG ØKONOMISKE TAP (§ 8-3)

Han/ho som har eit kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i samband med vervet. Kommunestyret og fylkestinget gjev sjølve forskrift om slik godtgjersle.

Ein/ei som tapar inntekt fordi han/ho har eit kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på erstatning opp til eit bestemt beløp per dag.

Han/ho som blir påført utgifter som følgje av eit kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på å få dekt utgiftene opp til eit bestemt beløp per dag. Kommunestyret og fylkestinget gjev sjølve forskrift om dekning av slike utgifter.

Han/ho som tapar inntekt fordi han eller ho har eit kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på erstatning opp til eit bestemt beløp per dag. Kommunestyret og fylkestinget gjev sjølve forskrift om slik erstatning. Det skal fastsetjast ulike satsar for dokumenterte og ikkje-dokumenterte tap.

ARBEIDSGODTGJERSLE (§ 8-4)

Alle som har eit kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjersle for arbeidet sitt. Kommunestyret og fylkestinget må sjølve fastsetje forskrift for det.

GODTGJERSLE VED FRIKJØP (§ 8-5)

Denne regelen er ny og rettar seg først og fremst mot ordføraren si godtgjersle og andre folkevalde med heiltids- eller deltidsverv. Departementet skriv at ordførargodtgjersla bør fastsetjast til ein fast årleg sum som omfattar alle sider ved ordførararbeidet og tap i inntekt som følgje av vervet. Det er kommunestyret og fylkestinget sjølve som avgjer om folkevalde som heilt eller delvis tek seg fri frå ordinært arbeid for å utføre

sitt folkevalde verv, skal få kompensasjon for dette gjennom ei fast godtgjersle for frikjøpte eller gjennom ein kombinasjon av erstatning for tapt inntekt og arbeidsgodtgjersle.

ETTERGODTGJERSLE (§ 8-6)

Folkevalde som har vervet som si hovudsysselsetjing, kan søkje om ettergodtgjersle når dei fråtrer vervet. Kommunen og fylkeskommunen vurderer sjølve om vervet til den folkevalde er hovudsysselsetjing eller ikkje. Dette gjev rom for skjønsmessige vurderingar. Eit utgangspunkt for vurderinga av hovudsysselsetjing kan vere at vervet bør vere halvparten eller meir av den stillinga du hadde før du vart frikjøpt, uavhengig av kor stor denne stillinga var i utgangspunktet:

- Ein folkevald som er frikjøpt tilsvarande 40 prosent og i tillegg har ei ordinær stilling som svarar til 30 prosent, vil i dette tilfellet ha folkevaldvervet som sin hovudsysselsetjing.
- Ein folkevald som er frikjøpt tilsvarande 40 prosent og i tillegg har ei ordinær stilling som svarar til 60 prosent, vil i det tilfellet ikkje ha vervet som folkevald som hovudsysselsetjing.

Kommunestyret og fylkestinget skal sjølve gje forskrift om lengda på ettergodtgjersla, men godtgjersla kan ikkje vare lenger enn alminneleg oppseiingstid for fast tilsette i kommunen eller fylkeskommunen. Det er hovudtariffavtalen som regulerer «alminneleg oppseiingstid», og ho er fastsett til tre månadar.

Retten til godtgjersle skal avkortast krone for krone mot anna inntekt. Det same gjeld for ordinær inntekt som den folkevalde friviljug avstår frå. Pensjonsinntekter etter folketrygdlova ka-



pittel 19 og 20 (alderspensjon) blir ikkje betrakta som inntekt.

PENSJONSORDNING (§ 8-7)

Kommunelova gjev ikkje i seg sjølv dei folkevalde rett til pensjon. Kommunestyret og fylkestinget kan derfor sjølve vedta å opprette eller slutte seg til ei pensjonsordning for folkevalde i kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret kan sjølv vedta kva ei slik pensjonsordning skal innehalde.

Den sentrale forskrifta for pensjonsordning for folkevalde i kommune eller fylkeskommune finn du ved å gå inn på heimesidene til KS. Her står det mellom anna at dersom ei pensjonsordning blir oppretta, skal ho omfatte alle folkevalde med verv over ein bestemd storleik.

RETT TIL SYKEPENGAR (§ 8-8)

Dersom vervet som folkevald er hovudsysselse-tjinga di, skal kommunen eller fylkeskommunen sørge for at du har same rett til sjukepengar som dei tilsette i kommunen eller fylkeskommunen. Det vil seie at du har krav på full dekning i samsvar med di godtgjersle i sjukemeldingspe-rioden. Denne føresegna regulerer ikkje tilhøvet mellom den enkelte folkevalde og NAV, og heller ikkje dei høva kommunen og fylkeskommunen har til å krevje refusjon frå NAV.

Kommunestyret eller fylkestinget bør i reglement bestemme korleis dekninga skal skje, anten ved at kommunen eller fylkeskommunen betalar godtgjersla òg etter 16 dagar. I dei tilfella tapar kommunen eller fylkeskommunen rett til refusjon frå NAV. Den andre måten er at kommunen eller fylkeskommunen utbetalar godtgjersle berre for dei første 16 dagane, deretter må den folkevalde krevje sjukepengar direkte frå NAV for resten av sjukemeldingsperioden.

I tillegg må kommunen eller fylkeskommunen betale mellomlegget mellom eventuell full godtgjersle og 6G som er det maksimale som blir utbetalt frå NAV. KS tilrår det siste forslaget av omsyn til økonomien i kommunen. Er det klart at sjukemeldingsperioden etter dei 16 dagane blir kortvarig, kan det vere grunn til å gjere unntak frå dette forslaget.

RETTAR VED YRKESKADE (§ 8-9)

På same måte som folkevalde som har vervet som si hovudsysselsetjing har rett på sjukepen-gar, har dei òg same rett til ytingar ved yrkes-skade som dei tilsette i kommunen eller fylkes-kommunen har. Det er kommunane og

fylkeskommunane sjølve som må sørge for å sikre desse rettane ved å teikne, eventuelt betale for, friviljug yrkesskadetrygdeordning og eventu-elle eigne tilleggsforsikringar.

PERMISJONAR (§ 8-10)

Kommunestyret og fylkestinget skal sjølve gje forskrift om permisjon for folkevalde som har vervet som si hovudsysselsetjing. Permisjonar kan berre gjevast i samsvar med arbeids-miljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15. Det vil seie:

- Svangerskapskontroll
- Svangerskapspermisjon
- Omsorgspermisjon
- Fødselspermisjon
- Foreldrepermisjon
- Delvis permisjon
- Ammefri
- Barns sjukdom og sjukdom hjå barnepassaren
- Omsorg for pleie av nærstående
- Militærtjeneste mv.
- Religiøse høgtider

Under permisjonen beheld dei folkevalde godtgjersla i inntil to veker, med mindre dei gjev avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved sjukdom hjå barn og barnepassaren skal kommunen og fylkes-kommunen sørge for at dei folkevalde får rett til å behalde godtgjersla etter dei same reglane som gjeld for tilsette i kommunen eller fylkes-kommunen.

Inhabilitet og fritak

Folkevalde skal alltid behandle sine saker og treffe sine vedtak på møte i organ som er oppretta etter kommunelova eller særlov. Møteprinsippet er grunnleggjande i kommunelova. Organet må da følgje dei saksbehandlingsreglane som kommunelova fastset.

HABILITET OG INHABILITET

Dei fleste folkevalde vil på eit eller anna tidspunkt kome i ein situasjon der det kan reisas spørsmål om ein person er inhabil og ikkje kan vere med å fatte vedtak i ei sak som er til behandling. At ein person er «inhabil» eller «ugild», inneber at det finst omstende som er eigna til å svekkje tilliten til om han eller ho er upartisk, og lova erklærer nærare at personen er inhabil. Det er kommunelova og forvaltningslova som avgjer spørsmål som er knytte til habilitet og inhabilitet.

At ein person er «inhabil» eller «ugild» betyr at det finst omstende som er eigna til å svekkje tilliten til om han eller ho er upartisk, og lova erklærer nærare at personen er inhabil.



Foto: Shutterstock

Avgjerda om ein person er habil eller ikkje, blir fatta av det folkevalde organet som heilheit.

Habilitet etter forvaltningslova § 6

Som folkevald eller tilsett i kommunen eller fylkeskommunen er du inhabil etter forvaltningslova § 6 dersom du anten er:

- Part i saka som skal avgjerast.
- Er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande line eller i sideline så nær som søsken.
- Er eller har vore gift med, er forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part i saka.
- Er verje eller fullmektig for ein part i saka, eller har vore verje eller fullmektig for ein part etter at saka byrja.

- Er leiar eller har ei leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit samvirkeføretak, ei foreining, ein sparebank, ein stiftelse som er part i saka eller eit selskap som er part i saka.

Det går fram av forvaltningslova § 6, andre ledd at ein òg er inhabil når «andre særregne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet». I vurderinga skal det mellom anna leggjast vekt på om avgjerda i saka kan innebere særleg fordel, tap eller ulempe for han/ho sjølv eller nokon som han eller ho har eit nært personleg forhold til.

I tillegg til habilitetsreglane i forvaltningslova har vi habilitetsreglar i kommunelova. Dersom ein folkevald har vore med på å førebu eller treffe vedtak i ei sak som tilsett i kommunen eller fylkeskommunen, er personen inhabil ved behandling av den same saka i eit folkevald organ. Samstundes er det nokre unntak, og det gjeld ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan.

Dersom ei klage skal behandlast, og du har vore med å førebu eller treffe vedtaket, er du inhabil



KS TILRÅR

Det er eit godt tips å melde frå til ordføraren i god tid før møtet dersom du er i tvil om du er habil til å vere med å behandle ei sak. Dette gjev ordføraren høve til å undersøke saka nærare, eventuelt rådføre seg med juristar.

til å delta i handsaminga av vedtaket, eller i førebuinga av saka til klageinstansen.


Vidare er kommunelova tydeleg på at folkevalde ikkje er inhabile når det skal veljast personar til offentlege tillitsverv, eller når det skal fastsetjast godtgjersle og liknande for slike verv. Eit døme på det er at folkevalde ikkje er inhabile ved handsaming av godtgjerslereglementet sjølv om det kan innebere ein «fordel» for dei folkevalde.

FRITAK

Kommunelova opnar òg for at folkevalde kan søkje om å bli fritakne frå å delta i behandlinga av ei sak dersom personlege grunnar tilseier fritak. Det er da det folkevalde organet som avgjer om ho eller han skal fritakast.



Folkevalde er ikkje inhabile ved behandling av godtgjersle-reglementet sjølv om det kan innebære ein «fordel» for dei folkevalde.



Krav til lokale forskrifter

Som beskrevet ovenfor er det flere tilfelle der kommunelova krev at kommunestyret og fylkestinget sjølve gjev forskrift. Lovgivinga stiller krav til korleis kommunen og fylkeskommunen skal gå fram når dei skal vedta forskrifter. Da er det særleg forvaltningslova kapittel 7 som er aktuell. I dette kapittelet skal vi gå gjennom dei ulike krava og forsøkje å gje ei samanstilling av desse krava.

FORSKRIFT, INSTRUKS ELLER RUNDSKRIV?

Ei forskrift er eit vedtak som gjeld rettar eller plikter til eit ubestemt antal eller ein ubestemd krets av personar. Bruken av omgrepet «forskrift» skal vere konsekvent, og det bør ikkje kallast vedtekt, reglement, instruks, rundskriv eller liknande dersom ho etter definisjonen i lova er ei forskrift. Det bør òg gå tydeleg fram kva forskrifta handlar om. Eit eksempel er Forskrift om ekstraordinær bandtvang, Hol kommune, Viken.

Før kommunestyret eller fylkestinget fastset ei forskrift, må saka vere «så godt opplyst som mogleg» før vedtak kan treffast.



KS TILRÅR

Lokale forskrifter gjev innbyggjarane i kommunar og fylkeskommunar både rettar og plikter. Det er derfor viktig at dei er skrivne på eit språk som både er klart og lettfatteleg. Arbeid derfor med språket i forskriftsarbeidet og korleis forskrifta skal byggjast opp.

Her går det tydeleg fram at det er ei forskrift, kva ho handlar om og kva kommune forskrifta gjeld for.

SAKSUTGREIING

Før kommunestyret eller fylkestinget fastset ei forskrift, må saka vere «så godt opplyst som mogleg» før vedtak blir fatta. Forvaltningslova stiller krav til at saka må vere utgreidd, og at resultatet av utgreiinga må gå fram i saksframlegget.

I regjeringa si rettleiing for forskriftsarbeid for kommunar står det:

Utgreiinga i saksframlegget må gjere greie for bakgrunnen for forslaget. Dei eksisterande reglane bør omtalast, og det bør påpekast kvifor kommunen meiner det er behov for nye forskrifter. Innhaldet i dei nye avgjerdene i forskrifta må forklarast.

Vidare må utgreiinga gje ei vurdering av kva økonomiske og administrative konsekvensar forskrifta kan få for næringsliv, organisasjonar, privatpersonar og offentlege instansar. Utgreiinga må omtale både utgifter, inntekter, innsparingar og praktiske konsekvensar som kan oppstå. Dersom forskrifta kan få vesentlege konsekvensar knytte mellom anna til miljøet, distriktsutviklinga eller likestillinga, må òg desse konsekvensane bli analyserte og kommenterte. Utgreiinga bør vidare gjere greie for kvifor forskrifta er betre eigna enn eventuelle alternative verkemiddel, som til dømes haldningsskapande tiltak.

Det blir òg presisert at omfanget av utgreiinga må tilpassast den betydinga ei sak har.

FØREHANDSVARSLING

Forvaltningslova § 37 viser krava om at offentlege og private verksemder, interessegrupper med vidare skal gjevast anledning til å uttale seg før forskrifta blir ferdigstilt. Det er kommunen eller fylkeskommunen som bestemmer på kva måte denne førehandsvarslinga skal gå føre seg, og kva for frist som gjeld for fråsegner. Det er rett nok nokre unntak frå førehandsvarsling. Det skjer dersom det ikkje er praktisk mogleg å gjennomføre, vanskeleggjer gjennomføringa av forskrifta eller svekkjer effektiviteten til forskrifta eller ho blir sett på unødvendig.

KVEN SKAL HØYRAST, OG KORLEIS SKAL HØYRINGA GJENNOMFØRAST?

Slik det vart presisert ovanfor, skal høyringa gå føre seg før forskrifta blir ferdigstilt, så høyringa er ein viktig del av saksutgreiinga. Lova klargjer kven som skal høyrast:



- Offentlege institusjonar
- Private institusjonar
- Organisasjonar og interessegrupper for dei det gjeld, og for dei som blir særleg påverka

Lova ramsar òg opp krav om at fråsegn skal hentast frå andre som ikkje er nemnde i kulepunktlista ovanfor om det trengs for å få saka «allsidig opplyst». I boka Forvaltningsloven i kommunene skriv Halvorsen og Grimstad følgjande:

Ettersom kommunale forskrifter bare vil gjelde i den kommunen de er gitt for, vil som regel ikke høringsplikten være like omfattende som for statlige forskrifter. Men også kommunale forskrifter kan ha så stor faktisk eller prinsipiell betydning at [...] nasjonale interesseorganisasjoner mv. bør høres.

Det er forvaltingsorganet sjølv som avgjer korleis førehandsvarslinga av dei det gjeld skal gå føre seg. Den vanlegaste forma er å sende eit høyringsbrev til dei partane det gjeld, men det kan òg haldast eit høyringsmøte. Det er opp til kommunen og fylkeskommunen å setje frist for høyringa, og lengda på høyringsfristen bør sjåast i samanheng med kor komplisert eller viktig saka er. Etter utgreiingsinstruksen som gjeld for statlege verksemder, skal høyringsfristen normalt vere tre månadar og ikkje kortare enn seks veker.



KS TILRÅR

Dagens digitale samfunn gjer det lett å dele informasjon raskt og enkelt. Bruk derfor dei tilgjengelege informasjonskanalane kommunen har for å formidle vedtak om eller endring av forskrifter.

Fråsegnene som eventuelt kjem, skal gjevast skriftleg, men det kan gjerast unntak for at fråsegner kan gjevast munnleg. Òg ved slike høyringsmøte som er nemnde tidlegare kan det vere aktuelt å hente inn fråsegner.

FORMKRAV OG KUNNGJERING

Forvaltningslova viser ikkje mange krav til utforming av forskrifter, og dei som blir viste, er følgjande:

Ei forskrift skal:

- Innehelde ei uttrykkeleg tilvising til den eine eller alle bestemmingane som gjev forvaltingsorganet heimel til å utarbeide forskrifta, og tilvisinga skal vere i samsvar med EØS-høyringslov § 12 dersom forskrifta inneheld tekniske reglar i samsvar med nemnde lov.
- Nemne forvaltingsorganet som har gjeve forskrifta.
- Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidend.
- I kunngjeringa skal ho kallast forskrift.

Det finst rett nok fleire rettleiingar å støtte seg på, mellom anna «Lovteknikk og lovforberedelse», og «Forskriftsarbeid for kommuner». Nedanfor viser vi ei liste med viktige punkt som bør vere med i ei forskrift:

- Tittelen på forskrifta
- Tilvising til heimel
- Avgjerder bør kome i logisk rekkjefølgje
 - Formål og verkeområde
 - Definisjonar av uttrykk som er brukte i forskrifta
 - Kva rettar og plikter innbyggjarane har
 - Straff og andre sanksjonar

- Ikraftsetjing og eventuelle overgangsordningar
- Eventuelle endringar i eller oppheving av andre forskrifter

Når det gjeld kunngjeringa, er det kommunen eller fylkeskommunen som har ansvaret for at den lokale forskrifta blir kunngjort. Det er viktig at forskrifta blir kunngjort i Norsk Lovtidend slik det står presisert i lova, sjå rundskriv G-149/92 Kunngjering i Norsk Lovtidend – Regionale og lokale forskrifter, for meir informasjon.¹ I tillegg er det viktig at dei som blir ramma av ei forskrift får kunnskap om det. Derfor bør kommunen eller fylkeskommunen streve etter å formidle dette på ein føremålstenleg måte.

ENDRING ELLER OPPHEVING AV FORSKRIFT

Det stilles like krav til endring og oppheving av ei forskrift som å vedta ei ny forskrift. Endringsforskrifta og opphevingsforskrifta må bruke same målform, ord og uttrykk som den gjeldande forskrifta.

I ei endringsforskrift blir berre dei avgjerdene som skal endrast i den eksisterande forskrifta, gjengeve.

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/g-14992/id107842/>

KS
Postadresse: Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo
Besøksadresse: Haakon VII's gt. 9, 0161 Oslo

Telefon: 24 13 26 00

ks@ks.no
www.ks.no